

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/1877-1

## Revisjon av prosedyre for handsaming og rangering av overtalige pedagogisk personale

### Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Hovudsamarbeidsutvalet vedtek den reviderte prosedyra slik den ligg føre.

Vedlegg: Prosedyre for handsaming og rangering av overtalige pedagogisk personale

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

I samband med arbeidet med skulebruksplanen våren 2013 vedtok hovudsamarbeidsutvalet i sak 7/13 (12/5455-35) ein prosedyre for handsaming og rangering av overtalige pedagogisk personale ved dei vidaregåande skulane.

På bakgrunn av erfaringane vert det no arbeidd med ein revisjon av prosedyren. HSU kan gjere sitt vedtak under føresetnad av at drøftingsmøtet måndag 22. februar mellom dei fylkeshovudtillitsvalde og leiinga kjem fram til semje om ny revidert prosedyre.

### 2. Konklusjon

Hovudsamarbeidsutvalet sine medlemmar/varamedlemmar vil så snart mogleg etter drøftingsmøtet den 22. februar få ettersendt prosedyra pr. e-post. Vidare vert den lagt fram for HSU for avgjerd i møtet den 25. februar.